

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 12.06.2017
Vår ref.: 2016/8505-5
Saksbehandlar: hanglop1
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Invitasjon til å vera med å søkja fram eigna lokalisering for datasenter i Hordaland – fellessamling i Bergen 27. juni 2017

BKK saman med Hordaland fylkeskommune og Invest in Bergen ynskjer å starte eit samarbeid med kommunane i regionen for å søkja fram og utvikla eigna lokalisering for ulike kategoriar av datasenter. I første fase ber vi om hjelp til grovsiling av lokalitetar. Deretter skal det skje eit utviklingsarbeid som skal gjera nokre mulige lokalitetar klar for internasjonal marknadsføring. Vedlagt følger aktuell kravspesifikasjon for første fase, samt ein presentasjon om bakgrunnen for prosjektet. Før samlinga i Bergen må kvar kommune gå gjennom kravspesifikasjonen for å sjekka ut om det er område/areal som er eigna for datalagring. Tid og stad for samlinga i Bergen er hos

Hordaland fylkeskommune tysdag 27. juni kl. 1000-1400 på auditorium Vestlandet i 1. etg.

Førebels program for dagen

- 10:00 Velkommen ved fungerande fylkesordførar Pål Kårbø
- 10:20 Korleis kan vi samarbeide om nye grønne arbeidsplasser, ved konsernsjef Jannicke Hilland, BKK
- 10:40 Kva gjer Innovasjon Norge for å marknadsføre datasentre i Norge, ved Dag Ivar Brekke
- 11:00 Samarbeidsprosjekt mellom BKK, HFK og Invest in Bergen, ved Vidar Totland Invest in Bergen
- 11:10 DC Norway si rolle som bransjeorganisasjon, ved Anders Korshavn DC Norway og Argon.
- 11:30 Lunsj
- 12:00 Gjennomgang av utsendt kravspesifikasjon for fase 1, ved Anders Korshavn.
- 13:15 Plenumsdiskusjon
- 13:45 Oppsummering

Kort om prosjektet

Etablering av store, kraftkrevjande datasentre i Norge kan gi milliardinntekter og betydelig sysselsetting. Facebook, Google, Apple og Amazon er allerede på veg inn i våre naboland med slike sentre. Dette er ein industri i rask vekst, der også Norge har ambisjonar om å tiltrekke seg investeringar.

Invest in Bergen, Hordaland Fylkeskommune og BKK har difor gått saman om eit prosjekt med to formål:

- Det skal gjerast ein utviklingsjobb for å få frem eit rammeverk for vurdering av eigna geografiske område og spesifikke lokalitetar for etablering av store datasentre.
- Dette rammeverket skal deretter nyttast til å vurdere eigna datasentre i Hordaland som kan marknadsførast internasjonalt.

Arbeidet vil strekke seg over fleire fasar, der første fase vil kartlegging og grovsiling med utgangspunkt i vedlagt kravspesifikasjon. Vidare fasar vil handle om å utvikle/ ferdigstille lokalitetar for internasjonal marknadsføring. Vi ser for oss at dette arbeidet vil starta opp hausten 2017.

I fase 1 som kommunen no vert invitert med på, er tanken at kommunen – gjerne i dialog med underteikna – går gjennom den enkle kravspesifikasjonen som er vedlagt. Dei kommunane som kjem gjennom kravspeken utan for mange raude flagg, ønsker vi å ha med på møtet den 27. juni.

Vi ber derfor om tilbakemelding innan fredag 16. juni om kommunen har ein, eller fleire, mulige lokalitetar som vi i fellesskap kan vurdere etter vedlagt kravspesifikasjon – og ber dykk merke av tid og sted 27. juni 2017 for det vidare arbeidet.

Vidar Totland
Prosjektleder Invest in Bergen
Mob 959 12 970
vidar@investinbergen.no

Hans Inge Gloppen
Hordaland fylkeskommune
Mob 97 41 40 40
hans.inge.gloppen@hfk.no

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Kravspesifikasjon

Kravspesifikasjon til fase 1: Spørsmål og avklaringspunkt

Avklaringspunkt	Forklaring	Svar
Stad	Kartkoordinatar evt. gnr/bnr	
Eigar	Namn på eigar - privat eller offentlig	
Storleik på tomt/areal	Tal på daa. (mål)	
Geografi/topografi.	Fjell, fjord, dal, opent, etc. Høgde over havet	
Tilgjenge for fly eller helikopter	Fins det faste overflygingskorridorar over tomten/arealet. I så fall beskriv nærare med retning, høgde, etc.	
Regulering av tomt/areal	Kommuneplan, områdeplan, detaljreguleringsnivå	
Eigedomsskatt	Type skatt, t.d. verk & bruk og kva sats	
Anna verksemd i nærleiken	Innanfor ein kilometer radius med vekt på verksemder som kan utgjøre ein trussel, t.d. olje og petroleum og gass, produksjon av gjødsel, ammunisjon, fyrverkeri, etc.	
Naturtruslar, rasfare, flomfare, forureining i grunnen etc.	ROS	
Tilgang til elektrisk kraft	Antall megawatt, på kva nivå, fra kvar, over kva avstand no og framover frå kva nettstasjon(er)	
Tilgang til fiberkonnektivitet	Beskriv tilgang til fiber, fiberpar, evt. bølgelengder, føringsvegar og avstandar	
Tilgang på kompetanse	Fins det beslekta industri med overlappende kompetanse i nærleiken. Finnes det forskingsinstitusjonar eller utdanningsinstitusjonar i området som rettar seg mot datasenterdrift.	
Nærleik til internasjonal flyplass	Avstand i tid med bil til næraste flyplass med utlandsforbindelser	
Partnare/interessentar	E-verk, industri, finans, entreprenørar, ol.	
Anna	Beskriv forhold som gjør tomten/arealet spesielt godt egnet for etablering av datasenter.	